

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Ostereidet, 25. april 2018

D/S OSTER – Søknad om støtte til kulturvern

Nordhordland Veteranbåtlag (NHVL) vil takka Radøy kommune for tidlegare støtte for å restaurere, vedlikehalde og tryggje båten si framtid som operativt maritimt kulturminne i Bergen-Nordhordland regionen. Driftssesongen 2017 var god for D/S OSTER, og båten har nettopp blitt tatt ut av vinteropplaget.

D/S OSTER er eit viktig innslag i heile regionen der båten bidreg til fremming av eit levande maritimt miljø, og til utbreiing og oppbygging av maritim interesse og kompetanse. Gjennom ”open båt” ved kaien i Bergen, eller gjennom informasjon og aktivitetar på sine turar til fleire kommunar i området er D/S OSTER eit operativt maritimt kulturminne som bidreg til å styrke det maritime miljø i regionen. I om lag fire månader av året (mai - september) blir D/S OSTER leigd ut til ulike arrangement, både private og opne for alle.

Som det framgår av vedlagt årsmelding for 2017 så gjekk Laget med eit underskot på grunn av dei rekneskapsmessige reglane om avskrivning. NHVL har sidan båten vart erklært ferdig restaurert i 2005 imidlertid klart å byggje opp eit fond, "kjelefondet", med eige styre og vedtekter som forsikring for skade og havari av dampkjelen. Dette fondet kan ikkje nyttast til anna vedlikehald, og skal vere ei sikkerheit for at båten ikkje skal miste ein heil driftsesong dersom uhellet skulle vere ute, eller alderen på kjelen krev utskifting. Det er Lagets målsetnad å få eit netto positivt driftsresultat kvart år.

Som det framgår av vedlagt budsjettliste over særskilte innkjøp, vedlikehalds- og driftskostnader på D/S OSTER i 2018, så stipulerer vi desse kostnadene til knapt kr 900.000. Med takk for tidlegare støtte så vender NHVL seg atter til Radøy kommune med førespurnad om eit tilskot i storleiksorden kr. 5.000-10.000. Vi vil som alltid vere interessert i tilbakemelding frå kommunen om de ønskjer eit opplegg med D/S OSTER i samanheng med lokale arrangement eller maritime/kulturhistoriske undervisingplanar. Kvar søndag i perioden 17. juni - 8. juli vil D/S OSTER inkludere Sletta og Vestnorsk utvandrarsenter i sin seglingsplan.

Med vennleg helsing

Tor Johannes Bjørgaas, sign
Leiar i NHVL

Kjell Nedreaas, sign
Koordinator for finansiering og økonomi

Vedlegg: 1. Budsjett særskilte innkjøp, vedlikehalds- og driftskostnader på D/S OSTER i 2018
 2. Spesifikke postar i resultatrekneskapen for 2017
 3-5. Pris på arbeid og innkjøp
 6. Årsmelding 2017